



STRATEGI FOR E-HELSE 2025-2028



**EIT FAGOMRÅDE I
VEKST**

1. BAKGRUNN

Bjørnafjorden kommune står framfor store utfordringar med ei aldrende befolkning, aukande tenestebehov og avgrensa ressursar. Talet på innbyggjarar over 80 år vil nesten doblast dei neste tiåra¹. Samstundes er tilgangen på helsepersonell og økonomiske rammer pressa.

For å sikre berekraftige og forsvarlege tenester må vi tenkje nytt. E-helse og helseteknologi er viktige verkemiddel for å nå måla i Sektorplan Helse og velferd 2025–2036, og skal nyttast for å styrkje både kvalitet og effektivitet i tenestene.

Strategien byggjer på:

- Nasjonal e-helsestrategi 2023–2030²
- Sektorplan Helse og velferd 2025–2036
- «Helhetlig tjenestemodell»³ og innsats- og bustadtrappa

2. FORMÅL

Strategien skal gje felles retning for utvikling og bruk av E-helse og helseteknologi i Bjørnafjorden kommune. Den skal bidra til at teknologien blir brukt på ein måte som:

- styrkjer innbyggjarane si helse og meistring
- gjev tilsette ein enklare og tryggare arbeidskvardag
- sikrar berekraftige tenester over tid

E-helse skal ikkje vere eit tillegg til tenestene, men ein integrert del av korleis vi planlegg, organiserer og yter helse- og velferdstenester.

3. STRATEGISKE MÅL

Mål 1: Aktiv medverknad i eiga helse

Delmål:

- Innbyggjarar og pårørande får støtte til meistring og sjølvstende
- Digitale løysingar legg til rette for tryggleik og deltaking
- Frivilligheita og nærståande nettverk blir styrkt

Forklaring:

Innbyggjarane skal kunne leve trygt og sjølvstendig med støtte frå digitale løysingar. Pårørande får betre høve til å bidra i oppfølginga, og frivilligheita kan nyttast betre. Dette vil styrkje livskvaliteten, redusere einsemd og bidra til at fleire kan bu lengre heime.

¹ [Vi blir flere, men også eldre – SSB](#)

² [Nasjonal e-helsestrategi - Helsedirektoratet](#)

³ [Helhetlig tjenestemodell for velferdsteknologi - Hjem](#)

Mål 2: Enklare arbeidskvardag

Delmål:

- Gode digitale verktøy som støttar arbeidsprosessar
- Leiarforankring og systematisk kompetanseheving
- Rett kompetanse på rett stad gjennom smart ressursbruk

Forklaring:

Tilsette skal ha digitale verktøy som gjer arbeidsdagen tryggare, meir effektiv og meir attraktiv. Teknologien skal støtte gode arbeidsprosessar og betre ressursutnytting, samtidig som pasienttryggleiken aukar. For å lukkast må løysingane vere brukarvennlege, godt forankra hos leiarane og følgjast av kontinuerleg kompetanseutvikling.

Mål 3: Helsedata til fornying og forbedring

Delmål:

- Systematisk bruk av data til kvalitetsutvikling og styring
- Betre oversikt og beslutningsgrunnlag for leiarar og helsepersonell
- Personvern og pasienttryggleik blir ivareteke i alle prosessar

Forklaring:

Helsedata er ein ressurs for å sikre kvalitet, styring, forskning og beredskap. Ved å ta i bruk data meir systematisk kan vi få betre planlegging, meir innovasjon og betre ressursutnytting. Samstundes er tryggleik og personvern avgjerande for å oppretthalde tillit hos innbyggjarane.

Mål 4: Tilgjengeleg informasjon og styrkt samhandling

Delmål:

- Informasjon skal vere sikker, oppdatert og delbar
- System skal støtta heilskaplege pasientforløp
- Samhandling på tvers av nivå og fag blir styrkt

Forklaring:

Helseopplysningar må vere lett tilgjengelege og trygge å bruke. Digitale system skal understøtte samanhengande tenester frå førebygging til behandling og oppfølging. Samhandling mellom kommune, fastlegar, spesialisthelsetenesta og pårørnde må styrkast for å sikre gode pasientforløp.

Mål 5: Samarbeid og gjennomføringskraft

Delmål:

- Aktiv deltaking i regionale og nasjonale samarbeid
- Tydeleg leiingsforankring og varige strukturar
- God organisering av E-helsearbeidet

Forklaring:

Bjørnafjorden skal vere ein innovativ og framtidsretta kommune. Vi må samarbeide både regionalt og

nasjonalt for å dra nytte av felles løysingar og erfaringar. Lokalt må vi sikre klare roller, leiarforankring og faste strukturar som gjer E-helsearbeidet robust og berekraftig over tid.

4. FØRESETNADER

For å lukkast med strategien er det nødvendig med føresetnader som gir retning og rammer for arbeidet:

- **Langsiktig økonomisk berekraft** sikrar at investeringar og drift kan handterast innanfor kommunen sine rammer.
- **Tydeleg leiingsforankring** er avgjerande for prioritering, gjennomføring og oppfølging.
- **Kontinuerleg kompetanseheving** gir tryggleik for både tilsette og innbyggjarar i møte med nye digitale løysingar.
- **Godt arbeid med personvern og pasienttryggleik** byggjer tillit og skapar trygg bruk av teknologi.
- **Klare roller og ansvar i E-helsefeltet** sikrar struktur, samarbeid og gjennomføringsevne.

5. OPPFØLGING

Tiltaka som følgjer opp strategien vert konkretiserte i ein administrativ handlingsplan for sektoren. Handlingsplanen blir oppdatert jamleg og viser kva som skal gjerast, når og kven som har hovudansvar. Strategien blir følgt opp gjennom tertialrapportering.

VISJON OG VERDIAR

Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping

Vi lyttar med respekt

Vi er inkluderande

Vi finn smarte løysingar

Vi gjer det vi seier

SAMFUNNS-MÅL: Det gode liv for alle

BJØRNA FJORDEN | KOMMUNE